



## STORTINGET

# Innst. 212 L

(2023–2024)

Innstilling til Stortinget  
frå familie- og kulturkomiteen

Prop. 6 L (2023–2024)

### Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om Endringer i pengespilloven mv. (DNS-blokkering av nettsteder som tilbyr pengespill som ikke har tillatelse i Norge)

Til Stortinget

## Samandrag

Kultur- og likestillingsdepartementet legger i proposisjonen frem forslag til endringer i pengespilloven.

Forslaget går ut på å lovfeste at Lotteritilsynet kan pålegge internettilbydere å gjennomføre DNS-blokkering av et nettsted, dersom nettstedet tilbyr pengespill som er rettet mot det norske markedet uten tillatelse, jf. ny § 32 a i pengespilloven.

Forslaget må ses i forlengelse av de vurderinger som ble gjort i Prop. 220 L (2020–2021), hvor det ble konkludert med at man i stedet for å fremme et forslag om DNS-varsling, skulle sende på ny høring et forslag om DNS-blokkering. I høringen var de fleste høringsinstansene positive til forslaget om en hjemmel om slik blokkering.

Formålet med forslaget er å begrense tilbudet av pengespill uten norsk tillatelse av hensyn til sårbare spillere og et ønske om å styrke enerettsmodellen som statens sosialpolitiske og kriminalpolitiske virkemiddel på pengespillområdet.

Departementet påpeker at DNS-blokkering, til tross for at det kan omgås ved hjelp av ulike verktøy som VPN-tjenester, vil skape en høyere terskel for å besøke

et nettsted som tilbyr pengespill uten tillatelse, fordi brukeren vil måtte foreta seg noe aktivt for å omgå blokkeringen. Dette skiller seg fra DNS-varsling, hvor brukeren simpelthen kan klikke seg videre til det uregulerte pengespilltilbudet. Det at prosessen for å besøke det uregulerte pengespilltilbudet blir mer tungvinn, gjør at man også mer effektivt kan hindre nyrekruttering til slike spilltilbud.

For at et pålegg om DNS-blokkering skal kunne gis, må hensynene som taler for at pålegget gis, veie tyngre enn ulempene pålegget vil medføre.

I proposisjonen gir departementet en vurdering av lovforslagets forenlighet med EØS-rettens regler om frihet til å tilby tjenester. Departementet konkluderer med at forslaget er i tråd med kravene som er oppstilt i EFTA-domstolens og EU-domstolens praksis, i den forstand at det er begrunnet i allmenne hensyn, at det er et egnet og konsistent tiltak, og at det heller ikke går lenger enn nødvendig for å nå det tilsiktede beskyttelsesnivået.

Departementet har også vurdert den nye bestemmelsen om DNS-blokkering opp mot ytrings- og informasjonsfriheten. Departementet ser det slik at bestemmelsen oppfyller lovkravet, forfølger et legitimt formål og er nødvendig og proporsjonal vurdert opp mot ytringsfrihetens funksjon i et moderne samfunn. Den nye bestemmelsen er derfor ikke i seg selv i strid med ytrings- og informasjonsfriheten etter Grunnloven og EMK. Det må imidlertid i tillegg foretas en konkret vurdering i den enkelte sak hvorvidt et pålegg er forenlig med Grunnloven § 100 og EMK art. 10.

Departementet anser det som hensiktsmessig at pålegg om DNS-blokkering og vedtak om oppheving av slikt pålegg etter den foreslåtte bestemmelsen følger forvaltningslovens alminnelige saksbehandlingsregler. Det bør også inntas en forskriftshjemmel hvor det kan

gis nærmere bestemmelser om pålegg om og gjennomføring av DNS-blokkering. Her kan det blant annet gis nærmere regler om saksbehandlingen ved pålegg dersom det på et senere tidspunkt skulle vise seg å være behov for det. I tillegg kan det bli behov for å gi forskriftsbestemmelser om selve den tekniske og praktiske gjennomføringen av DNS-blokkeringen.

I høringsnotatet av 21. september 2021 ble det foreslått at internettilyderne som del av DNS-blokkeringen, skulle sende brukerne som forsøker å besøke et nettsted som tilbyr pengespill uten tillatelse, videre til en landingsside.

Departementet foreslår i proposisjonen at landingssiden skal eies og driftes av internettilyderne, og ikke av Lotteritilsynet, som det opprinnelig ble foreslått i høringsnotatet av september 2021. Dersom landingssiden legges til internettilyderens server, vil personopplysninger om brukerne som forsøker å kontakte nettstedet som DNS-blokkeres, samt andre opplysninger om kommunikasjon og nettrafikk, være beskyttet av ekomregelverket som internettleverandørene er underlagt. Internettilyderne er for eksempel underlagt taushetsplikt om andres bruk av elektronisk kommunikasjon.

I proposisjonen foreslås det også å endre § 33 i ny lov om pengespill, slik at Lotteritilsynet kan treffe vedtak om tvangsmulkt for å sikre at pålegg etter den foreslåtte bestemmelsen i § 32 a om DNS-blokkering blir oppfylt.

Lovforslaget vil kunne medføre økonomiske kostnader for internettilyderne som pålegges DNS-blokkering. Departementet påpeker at kostnader forbundet med å gjennomføre DNS-blokkering etter pålegg fra myndighetene er noe internettilydere må regne med som en naturlig følge av sin virksomhet. Det vises videre til at internettilyderne allerede har nødvendige tekniske løsninger på plass som en konsekvens av pålegg om blokkering etter åndsverksloven.

Forslaget om å innføre mulighet til å pålegge DNS-blokkering er et nytt virkemiddel for Lotteritilsynet. Lotteritilsynet kartlegger allerede pengespillselskaper som retter seg mot det norske markedet og tilbyr pengespill uten norsk tillatelse. For Lotteritilsynet vil merarbeidet ved innføring av DNS-blokkering være å dokumentere hvordan konkrete nettsted bryter norsk lov, utforme pålegg, følge opp overfor spillselskap og internettleverandører, samt eventuelle forberedelser til klagebehandling og domstolsbehandling. Med tanke på hvor mange nettsted som tilbyr pengespill uten norsk tillatelse til nordmenn, vil dette kunne være et relativt omfattende arbeid, særlig de første årene. Det samme gjelder for Lotterinemnda, som også vil måtte opparbeide seg praksis på området. Det antas at antallet klagesaker vil være høyere de første årene og at arbeidsbyrden derfor vil være størst i den første tiden etter at lovbestemmelsen trer i kraft.

Proposisjonen inneholder også et forslag om å oppheve lov 21. juni 2013 nr. 97 om endringer i den nå opphevede medieeierskapsloven, samt et forslag om å oppheve § 9 i lov 18. desember 2020 nr. 153 om økonomisk støtte til mediene. Bakgrunnen for sist nevnte forslag er at Stortinget ved behandlingen av statsbudsjettet for 2023 (Prop. 1 S (2022–2023)) vedtok å avvike distribusjonstilskuddet til avisene i Finnmark fra og med 2023.

## Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Åse Kristin Ask Bakke, Mona Nilsen og Torstein Tvedt Solberg, frå Høgre, Turid Kristensen og Tage Pettersen, frå Senterpartiet, Margrethe Haarr og Åslaug Sem-Jacobsen, frå Framstegspartiet, Silje Hjemdal, frå Sosialistisk Venstreparti, Kathy Lie, og frå Venstre, leiaren Grunde Almeland, viser til proposisjonen frå regjeringa, der ho foreslår endringar i pengespilloven.

Komiteen viser til at lovforslaget inneber å innføre DNS-blokkering av nettstader som tilbyr pengespill som ikkje har tillating i Noreg. Forslaget må sjåast i samheng med Stortingets handsaming av ny pengespellov i Prop. 220 L (2020–2021), der ein i proposisjonen konkluderte med å sende forslag om DNS-blokkering på ny høyring.

Komiteen viser også til at føremålet med lovforslaget er å avgrense tilbodet av pengespill utan norsk tillating av omsyn til sårbare spelarar og for å styrke einerechtsmodellen.

Komiteen hadde 18. januar 2024 ei open høyring i saka med høg deltaking.

Komiteen viser til at det i proposisjonen er foreslått at Lotteritilsynet kan pålegge ein internettilydar å gjennomføre DNS-blokkering av ein nettsted, om nettstedet tilbyr pengespill utan tillating etter pengespilloven. Vidare er det gjort greie for forholdet til ytrings- og informasjonsfridomen. Ved pålegg om DNS-blokkering skal Lotteritilsynet i kvart enkelt tilfelle foreta ei vurdering av forholdet til ytringsfridomen, slik det vert krevja etter Grunnlova § 100 og EMK artikkel 10. Komiteen vil i tillegg understreke at det skal ligge til grunn at eit pålegg om å innføre DNS-blokkering skal vere forholdsmessig, og at omsyna som talar for å gi eit pålegg, skal vege tyngre enn ulempene eit pålegg vil medføre.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, viser til at regjeringa gjennom forslaget om DNS-blokkering har tatt eit ytterlegare steg for å bevare og styrke einerechtsmodellen, med mål

om å redusere tilgangen til ulovlege pengespel for å førebyggje speleproblem og speleavhengigheit.

Fleirtalet viser til at det dei siste åra har vore gjennomført eit systematisk godt arbeid av styresmakterne. Samarbeid med bankane mot dei ulovlege selskapa, fjerning av reklame ifrå dei same aktørane, og dessutan innstramming av tapsgrensene til Norsk Tipping er døme på dette. Den siste befolkningsundersøkinga til Universitet i Bergen som vart publisert i mai 2023, viser at talet på nordmenn med speleproblem er halvert sidan førre undersøking i 2019.

Fleirtalet understrekar at målet om å stadig redusere speleproblem i samfunnet står fast, og at det for inneverande år er løyvd ei rekordstor tildeling på 32 mill. kroner til arbeidet mot speleproblem.

Fleirtalet i komiteen har registrert betydeleg oppslutning om forslaget om DNS-blokkering ifrå viktige høyringsinstansar, både frå ei stor arbeidsgiverforening som Spekter, ifrå organisasjonar som arbeider for å hindre speleproblem, og frå behandlarar ved Blå Kors, som tilbyr behandling for pengespelavhengigheit ulike stadar i landet. Når det gjeld innvendingar mot forslaget, vert det vist til at desse synspunkta er svart ut i proposisjonen frå regjeringa.

Fleirtalet støttar regjeringa sitt forslag om DNS-blokkering, fordi det vil avgrense dei uregulerte aktørane sine speltilbod i Noreg.

Medlemene i komiteen frå Høgre og Venstre er einige med regjeringa i at ein treng tiltak som er eigna til å vareta sårbare spelarar. Desse medlemene vil vise til at det både under Solberg-regjeringa og dagens regjering har vorte innført ei rekke tiltak nettopp for å vareta denne gruppa med spelarar, til dømes forbodet mot marknadsføring, endringar i kringkastingsloven og eit forbod mot betalingsformidling. Disse tiltaka har hatt god effekt. Desse medlemene har likevel over tid meint at eit forslag om DNS-blokkering treff dette omsynet dårleg. Desse medlemene er kritiske til at eit fleirtal på Stortinget allereie før ein starta ei utgreiing som avdekka negative konsekvensar av eit blokkeringspåbod, vedtok at slik blokkering skulde finne stad, og pressa fram ei lovregulering.

Medlemene i komiteen frå Høgre, Framstegspartiet og Venstre viser til behandlinga av Innst. 242 S (2017–2018), jf. Vedtak 695 (2017–2018), der eit fleirtal samansett av Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Raudt, Miljøpartiet Dei Grøne og Kristeleg Folkeparti vedtok følgjande:

«Stortinget ber regjeringa stanse pengespill hos uregulerte pengespillselskaper ved å innføre DNS-blokkering av nettsidene deres. Regjeringa bes i budsjett for 2019 omtale fremdriftsplanen for dette arbeidet.»

Den til kvar tid sitjande regjering er forplikta til lojalt å følgje opp det Stortinget vedtek. På bakgrunn av vedtaket varsla dåverande regjering om følgjande i Prop. 1 S (2018–2019):

«Dokumentet som ligger til grunn for anmodningsvedtaket, er Innst. 242 S (2017–2018). jf. Dokument 8:110 S (2017–2018) Representantforslag om en mer ansvarlig spillpolitikk. Lotteritilsynet har på oppdrag fra Kulturdepartementet utredet de praktiske, administrative og juridiske sidene ved et slikt tiltak. Rapporten ble oversendt departementet 31. august 2018. Regjeringen tar sikte på å fremme en sak for Stortinget om dette i løpet av 2019.»

Denne prosessen resulterte i at regjeringa Solberg la fram eit forslag om DNS-blokkering 18. juni 2021, i tråd med det fleirtalet i Stortinget vedtok i 2018, som del av Prop. 220 L (2020–2021). Proposisjonen vart handsama av Stortinget hausten 2021 i Innst. 163 L (2021–2022). Her konkluderte fleirtalet med å sende forslaget om DNS-blokkering på ny høyring, og la samstundes vekk det mindre inngripande forslaget om DNS-varsling. Desse medlemene viser til at Høgre, Framstegspartiet og Venstre i innstillinga la fram følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa avslutte arbeidet med forslag om pålegg om DNS-varsling eller DNS-blokkering.»

Desse medlemene viser til at det i inneverande periode har vore to høyringar om DNS-blokkering, 10. desember 2021 i samband med Prop. 220 L (2020–2021) og 18. januar 2024 i samband med proposisjonen som ligg til grunn for behandlinga i denne innstillinga. Begge høyringane har hatt høg deltaking, og alle deltakarane frå teknologiaktørar har uttalt seg udelt negative til forslaget. Særleg har det vore vektlagt at DNS er ein del av den samfunnskritiske infrastrukturen for det digitaliserte samfunnet, og at DNS-blokkering utgjer ein alvorleg trussel mot denne infrastrukturen. Det har alvorlege konsekvensar for sikkerheitsmekanismane som er bygd opp rundt internettet, og eit kvart inngrep i denne infrastrukturen svekker tilliten til internettet vi kjenner i dag. Teknologiaktørane åtvarar derfor sterkt mot å innføre tiltak som påverkar infrastrukturen på internett, og framhevar at DNS-blokkering uansett er eit lite effektivt tiltak fordi det er enkelt å omgå allereie i dag, og vil bli endå enklare i takt med den teknologiske utviklinga framover.

Særleg vil desse medlemene vise til innspela som peiker på at blokkeringa også vil omfatte lovleg informasjon og vere en trussel mot informasjonsfridomen, at forslaget ikkje i tilstrekkeleg grad har utgreia personvernkonsekvensane, inkludert usikkerheit knytt til tilgang til IP-adressene til alle som besøker sidene, at det vil medføre ei todeling av internett der norske forbrukarar ikkje kan sjå informasjon som internasjonale

forbrukarar kan – og med det er med på å legitimere tilsvarende sensurgrep i andre land.

Høyringsinstansane påpeiker at tilliten til DNS-systemet er svært viktig, og at det å vidaresende nokon til ei anna nettside enn den dei trudde dei skulle gå til, er ein vanleg angrepsmåte for vondsinna aktørar som ønsker å svindle nokon. Difor vert det også gjort grep i internettstandardar som DNS over HTTPS og sikring av DNS-oppslag med DNSSEC, som er laga for å nettopp hindre denne typen blokkering, og vil medføre at blokkeringa vert ineffektiv. At staten skal byrje å gjere det same, kompliserer arbeidet med å sikre at DNS-systemet er sikkert for alle. I verste fall vil dette forslaget vere i konflikt med komande lovverk for å auke sikkerheita.

Høyringsinstansane viser også til at tiltaket er enkelt å omgå ved å velje ei anna DNS-teneste i innstillingane på datamaskinen eller telefonen, og at framlegget vil føre til at personar som forslaget søker å beskytte, i staden vert dytta over til å bruke mindre tillitvekkande DNS-tenar. Å bruke ein slik alternativ DNS-tenar er enkelt å gjere, vil omgå blokkeringa, og kan tvinge forbrukaren forslaget prøver å beskytte, til å gi bort kontroll over DNS til tvilsame aktørar som kan bruke det til svinselforsøk eller innsamling av persondata.

Juridiske aktørar og leverandørar som Telenor og Telia har i innspel peikt på at dette lovforslaget gjev forvaltninga eit vidt skjøn utan at dette skjønnet er klart avgrensa, og at det vert lagt opp til at vedtak om blokkering kan fattast utan forutgåande rettsleg kontroll. Dette til forskjell frå andre heimlar i norsk rett, der domstolane på nærmare vilkår vert gitt tilgong til å blokkere ulovleg innhald.

Desse medlemene meiner forslaget om DNS-blokkering er problematisk av fleire årsaker. For det første vil desse medlemene påpeike at internett også er ein grunnleggande infrastruktur for utøvinga av ytrings- og informasjonsfridomen i Noreg. Det er difor grunnleggande problematisk av staten å gripe inn og pålegge blokkering av innhald som det er lovleg for nordmenn å oppsøke på internett. I dei sær s få tilfella det vert lagt til rette for slik førehandssensur, må det i det minste vere på plass eit system som sikrar tilstrekkeleg demokratisk kontroll. Desse medlemene vil åtvare mot å undervurdere implikasjonane av å legge til rette for denne typen inngripande tiltak. Internasjonalt har enkelte land innført storstilt overvaking og gjer mange avgrensingar i folk sin bruk av internett. Slik overvaking og avgrensing er inngripande for den einskilde sine rettar, samtidig som det svekkar sikkerheitsmekanismane på internett. Det å verne om internett og den opne informasjonsflyten må takast på stort alvor.

For det andre er det eit viktig prinsipp i ein rettsstat at tiltak frå myndighetene skal vere så lite inngripande som mogleg. Det er ikkje lov å innføre eit tiltak dersom

ein kan oppnå det same omsynet med mindre inngripande verkemiddel. Når regjeringa opnar for å blokkere nettstader nordmenn lovleg kan oppsøke, utfordrar dei dette grunnleggande prinsippet. Regjeringa har ikkje vurdert om det er mogleg å gi nordmenn informasjon om kva pengespeltilbod som har løyve etter norsk lov gjennom eksempelvis styrka førebygging- og opplysningsarbeid.

Desse medlemene understrekar at for det tredje grip forslaget om blokkering inn i norske innbyggjarar sin informasjonsfridom utan å vere tilstrekkeleg greia ut. Lovforslaget inneber sensurering av informasjon nordmenn lovleg kan søke tilgang til. Desse medlemene vil understreke at vi ikkje kan forby alt vi ikkje likar, og prinsipielle grunner tilseier at vi bør utvise stor varsemnd med å sensurere lovleg informasjon. Det er vanskeleg å ta tilstrekkeleg stilling til lovforslaget når ein ikkje har oversikt over kva konsekvensar det vil ha for informasjonsfridomen til nordmenn. Desse medlemene er særleg kritiske til at regjeringa ikkje i tilstrekkeleg grad har greia ut dette, all den tid dette var ein av grunnane for tillegghøyringa i saka.

For det fjerde vil desse medlemene vise til at eit sensurert og teknisk stadig meir fragmentert internett er eit dårlegare fundament for nettopp den grunnleggande fridomen til å ytre seg. Det er ein stor kostnad, som ikkje kan forsvarast av gevinsten ein ventar av tiltaket. Datatilsynet har gitt uttrykk for at personvernkonsekvensane ved lovforslaget er mangelfullt greia ut, mellom anna at lovforslaget manglar ei vurdering av dei grunnleggande prinsippa i GDPR artikkel 5. Vurderinga av personvernkonsekvensar er avgjerande for å kunne vurdere kva påverknad lova vil ha på personvernet. Det er for eksempel ikkje greia ut om det finst mindre personverninngrípande alternativ som kan oppnå det same formålet, og om alternative tiltak kan ha ein lågare personvernrisiko. Desse medlemene er særleg kritiske til at regjeringa ikkje i tilstrekkeleg grad har greia ut dette, all den tid dette var ein av grunnane for tillegghøyringa i saka.

På bakgrunn av dette vil desse medlemene ikkje støtte at det vert vedtatt eit forslag om pålegg av DNS-blokkering.

Komiteens medlem fra Fremskrittspartiet er svært skeptisk til regjeringens forslag om DNS-blokkering. Sakens kjerne er at regjeringa nå foreslår et alvorlig inngrep i nordmenns personvern og informasjonsfrihet. Gjennom høringen uttrykker flere aktører bekymringer for denne måten å prøve å overstyre det frie internettet.

Dette medlem viser til Dokument 8:110 S (2017–2018) Representantforslag om en mer ansvarlig spillpolitikk og Innst. 242 S (2017–2018). I den saken stemte Fremskrittspartiet imot forslag 8:

«Stortinget ber regjeringen stanse pengespill hos uregulerte pengespillselskaper ved å blokkere nettsidene deres samt hindre nedlasting av og spilling via apper.»

Regjeringens forslag om å DNS-blokkere utenlandske nettsider som tilbyr pengespill, har flere problematiske sider ved seg. Tiltaket er tenkt innrettet slik at nordmenn som ønsker å besøke en utenlandsk spillside, vil blokkeres fra å besøke den. Det er et alvorlig inngrep i borgernes informasjonsfrihet, dette fordi det er helt lovlig for nordmenn å spille pengespill hos utenlandske spillingselskaper. Regjeringen fremmer ikke forslag om å forby selve spillingen, selv om man kan få inntrykk av det i debattene rundt forslaget. Dette medlem mener det er dypt problematisk at regjeringen ønsker å fysisk hindre nordmenn fra å utøve en lovlig handling. Noen vil også påpeke at denne typen DNS-blokkering vil være en historisk inngripen i borgernes grunnleggende friheter.

Dette medlem mener at forslaget går på direkte akkord med yrings- og informasjonsfriheten i Norge. Dette medlem vil understreke at det er å anse som et demokratisk problem dersom staten blokkerer, sensurerer og hindrer innbyggere fra å gjøre helt lovlige ting. Dette er et utviklingstrekk dette medlem på det sterkeste vil advare mot. Man kan ikke sensurere eller blokkere alt man ikke liker, det vil være et direkte angrep på våre demokratiske friheter.

Dette medlem mener at forslaget bryter med flere grunnleggende prinsipper. Først bryter det med proporsjonalitetsprinsippet, som sier at ethvert tiltak skal stå i forhold til det mål som søkes oppnådd. Ingen tiltak skal innføres hvis de er ekstra tyngende eller inngripende, da det kan gjøre dem uforholdsmessige.

Dette medlem mener at forslaget innebærer et brudd med prinsippet om at enhver borger ikke skal hindres fra å gjøre noe som er lovlig. Siden det er lovlig for norske borgere å oppsøke spillside i utlandet, og spillside som ikke aktivt retter seg mot norske borgere, heller ikke er ulovlig etter norsk lov, vil forslaget innebære et brudd på den enkeltes rettigheter. Tidligere har DNS-blokkering kun vært brukt for å hindre alvorlig ulovlig aktivitet, som terrorisme og overgrep mot barn. Forslaget innebærer å hindre en helt lovlig aktivitet, nemlig spilling på europeiske pengespillside.

Dette medlem viser til at Datatilsynet har kritisert forslaget. De mener at det både kan være ulovlig i seg selv, og også at tiltaket ikke er proporsjonalt med formålet. Det er rett og slett ikke utredet godt nok, og mindre inngripende alternativer er ikke vurdert, til tross for at dette var den opprinnelige bestillingen fra Stortinget. Det vises til høringsbrev fra Datatilsynet daterert 25. mai 2023:

«Vi påpeker avslutningsvis, som i høringssvaret av 2. november 2021, at DNS-blokkering på generelt grunnlag utfordrer internettets funksjonalitet. Det er en stor fare for at DNS-blokkeringen også vil omfatte lovlig informasjon. Å forhindre at brukere får tilgang til lovlig informasjon på internettet vil kunne gi et personvernproblem. At Norge nå ønsker å benytte DNS-blokkering på nye områder vil medføre at norske myndigheter begrenser mulighetene for brukere fra Norge å nå informasjon som er tilgjengelig fra andre land.»

Dette medlem viser også til innspill i komiteens høring, fra Norway Chapter of the Internet Society, Blix Solutions AS og Netnod. Det fremkommer både at DNS-blokkering er enkel å omgå for de som ønsker det, og at DNS-blokkering vil kunne gi negative konsekvenser for hvordan internett fungerer. Det er grunn til å tro at de som ønsker å spille på utenlandske nettsted, ganske enkelt kan finne ut eller bli veiledet til hvordan blokkering omgås. Det vises også til at flere av de store internasjonale organisasjonene (Internet Engineering Task Force IETF og ICANN Security and Stability Advisory Committee SSAC) påpeker at det vil gi tekniske utfordringer og mulige problemer hvis deler av internett blir blokkert i ulike territorier. Dette kan gå ut over sikkerhet og stabilitet på internett.

Dette medlem viser også til at kultur- og likestillingsministeren skriver i sitt svar på skriftlig spørsmål Dokument nr. 15:835 (2023–2024):

«Jeg har også lagt frem lovforslag om DNS-blokkering for Stortinget, for å ytterligere stramme grepet og svekke de uregulerte aktørenes markedsposisjon og dermed styrke enerettsmodellen.»

Dette medlem merker seg at statsrådets svar viser at forslaget primært må sees som et forsvar for enerettsmodellen, ikke som et tiltak for å redusere spillavhengighet.

Dette medlem mener at forslaget om endring av pengespilloven må avvises, og vil derfor stemme imot forslaget.

Komiteen viser til at departementet følger opp tidlegare stortingsvedtak og dermed foreslår å oppheve § 9 i lov om økonomisk støtte til mediene grunna Stortinget si handsaming av Prop. 1 S (2022–2023) om utvikling av distribusjonstilskotet til avisene i Finnmark. Komiteen viser vidare til forslaget om oppheving av lov 21. juni 2013 nr. 97 om endringer i medieieierskapsloven. Medieieierskapsloven er oppheva, men endringslova blei aldri formelt oppheva. Komiteen støtter desse forslaga om oppheving.

## Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen om I og II vert fremja av ein samla komité, III og IV vert fremja av medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

### vedtak til lov

om endringer i pengespilloven mv. (DNS-blokkering av nettsteder som tilbyr pengespill som ikke har tillatelse i Norge)

#### I

Lov 21. juni 2013 nr. 97 om endringer i medieeierskapsloven oppheves.

#### II

I lov 18. desember 2020 nr. 153 om økonomisk støtte til mediene oppheves § 9.

#### III

I lov 18. mars 2022 nr. 12 om pengespill gjøres følgende endringer:

Ny § 32 a skal lyde:

§ 32 a. *Pålegg om DNS-blokkering av nettsteder som tilbyr pengespill uten tillatelse*

Dersom et nettsted tilbyr pengespill rettet mot det norske markedet uten tillatelse etter § 4, kan Lotteritilsynet pålegge internettilbydere å gjennomføre DNS-blokkering av nettstedet. Pålegget kan fastsette innholdet i og formen på landingssiden som driftes av internettilbydere.

Det kan bare gis pålegg etter første ledd dersom hensynene som taler for å gi pålegg, veier tyngre enn ulempene pålegget vil medføre. Ved vurderingen skal interessene som tilsier DNS-blokkering, avveies mot interessene til internettilbydere pålegget retter seg mot, og til innehaveren av nettstedet, hensynet til informasjons- og ytringsfriheten og andre berørte interesser.

Dersom grunnlaget for et pålegg etter første ledd ikke lenger er til stede, skal Lotteritilsynet oppheve pålegget dersom innehaveren av nettstedet krever det.

Departementet kan gi forskrift om pålegg om og gjennomføringen av DNS-blokkering.

§ 33 første ledd skal lyde:

Lotteritilsynet kan treffe vedtak om tvangsmulkt for å sikre at pålegg etter §§ 26, 32, 32 a og 35 andre ledd blir oppfylt.

#### IV

Loven gjelder fra den tiden Kongen bestemmer.

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 5. mars 2024

**Grunde Almeland**

leiar

**Åse Kristin Ask Bakke**

ordførar



